



Sykkylven Seniorakademi

Møteprogram 2023

Sykkylven Seniorakademi er ei foreining som har til føremål å stimulere eldre og andre interesserte til å halde ved like samfunnsengasjementet sitt og utvide og utvikle kunnskapane sine. Dette vert gjort gjennom møte, forelesingar, kurs og ekskursjonar. Vi vil legge vekt på at innhaldet i aktivitetane skal halde eit høgt fagleg nivå, og ha eit populærvitskapleg preg.

Seniorakademiet har etablert samarbeid med Høgskulen i Volda (HVO) og NTNU i Ålesund. Vi har gjort det fordi slik kontakt kan bidra til å sikre og utvikle kvaliteten på aktivitetane våre.

Sykkylven Seniorakademi vart stifta den 31. januar 2020. Styret for 2022 har vore desse: Ole-Petter Solnørdal (leiar), Lars Jørgen Vik (nестleiar), Ingunn Nygård Klokk (kasserar), Ove Bjerkan (skrivar), Eldrid Suorza og Leonhard Vårdal (styremedlemer). Paul Davik og Sølvi Grebstad er varamedlemer.

I 2023 vil det verte skipa til sju temamøte. Dersom det er interesse for det vil det også bli skipa til kurs og ekskursjonar.

Møta i Sykkylven Seniorakademi er opne for alle. Medlemene går gratis, men andre betaler inngangspengar. Møta vert avvikla på Sykkylven Kulturhus med møtestart kl 13.00. I forkant av møta (frå kl 12.00) vert det normalt høve til kjøp av kaffi og mat. Møta vert annonserte på plakatar og i lokalavisa Nyss.

Vi tek atterhald om endringar.



19. januar

Geir Karlsen: Reisa med Norwegian og framtida for luftfarten.

Karlsen er oppvaksen i Sykkylven og er økonom frå BI. Han arbeidde mange år i shipping og offshore, før han 2018 vart tilsett som finansdirektør i flyselskapet Norwegian. I 2021 vart Karlsen tilsett som toppsjef i selskapet.



16. februar

Joar Eidheim: Tryggingpolitikk i ei farefull tid.

Eidheim er oppvaksen i Sykkylven. Han har utdanning frå Forsvarets Høgskule. Dei siste åra har Eidheim tenestegjort ved NATO sin stab og forsvarsleiinga. Han er generalmajor i Hæren, og sjef for Forsvarets Spesialstyrker.



16. mars

Tor-Johan Ekeland: Til forsvar for jantelova.

Ekeland er professor emeritus i sosialpsykologi ved Høgskulen i Volda og ved Høgskolen i Molde. Han har skrive fleire bøker og artiklar om vitenskapsteoretiske og psykologiske emne.



20. april

Roar Hagen: Kvardagen som avisteiknar: Satire, samfunnskritikk og humor.

Hagen er avisteiknar og bokillustratør. Han har arbeidd i Sunnmørsposten, Stavanger Aftenblad, og sidan 1986 i VG. Teikningane hans har vore publisert i m.a. i International Herald Tribune, Der Spiegel og Newsweek.



21. september

**Magnus Takvam: Ein ny politisk kvar-
dag? Situasjonen etter kommunevalet.**

Takvam har studert ved universiteta i Bergen og Oslo og Norsk Journalisthøgskole. Han var kommentator i politisk avdeling i NRK fram til 2022. Takvam har skrive fleire bøker.



19. oktober

Øystein Risa: Kunstig intelligens. Kva er det og korleis kan det brukast?

Risa er oppvaksen i Sykkylven. Han er no forskningssjef på SINTEF Helse. Risa har doktorgrad i biofysikk frå NTNU. Dei siste åra har han vore sterkt engasjert i utvikling av kunstig intelligens innanfor helsevesenet.



23. november

Jan Emblemsvåg: Kjernekraft for berekraft.

Emblemsvåg er professor ved NTNU Ålesund. Tidlegare har han vore administrerende direktør ved Midsund Bruk. Dei siste åra har han arbeidd mykje med energipolitikk, og er ein flittig skribent om dette temaet i dagspressa og sosiale media.



Sykkylven
Seniorakademi

Innmeldingsskjema

Alle som er 60 år eller eldre kan vere medlemmer i Sykkylven Seniorakademi, men også ikkje-medlemmer i alle aldrar er velkomne på arrangementa våre.

Du kan melde deg inn og betale årskontingenten på møta våre, eller ved å fylle ut skjemaet nedanfor, og levere det til ein av styremedlemene.

Du kan også melde deg inn ved å sende ein epost med dei opplysningane som er nemnde nedanfor til sykkylvensenioraka@gmail.com. Medlemskontingenten for 2023, 400 kr, sender du så til konto nr. 3910.68.13055.

Namn: _____

Fødselsår: _____

Email-adresse: _____

Telefonnr.: _____

Gateadresse: _____

Postnr.: _____



Sparebanken
Møre



Gjensidige